

Viktig endring i Livmorhalsprogrammet.

Frå første januar 2019 vil livmorhalsprøvene for kvinner mellom 34 og 69 år, fødde på partalsdato og busette i Sogn og Fjordane, bli HPV (humant papilloma virus)-testa. Livmorhalsprøvar frå kvinner mellom 34 og 69 år, fødde på oddetalsdato, og frå kvinner mellom 25 og 33 år, vurderast framleis i mikroskop. Alle prøvar skal enno takast ved gynekologisk undersøking og må vera væskebasert. Flytskjema med tilrådd oppfølging av ulike prøvesvar er utarbeidd av Livmorhalsprogrammet og kan lastast ned frå kreftregisteret.no/livmorhals. OBS! HPV-test og celleprøve er screening og ikkje testar for diagnostikk og skal ikkje brukast åleine ved undersøking/kontroll av kvinner med symptom.

Positiv erfaring med å innføre HPV – test i primær screening.

HPV er årsak til alvorlege celleforandringar og kreft i livmorhalsen. Internasjonale studiar har vist at HPV – test har bedre sensitivitet enn tradisjonell cytologi for å oppdaga alvorlige celleforandringar. Kvinner med negativ HPV – test har låg risiko for livmorhalskreft dei neste fem åra (Ronco et al 2014). I eitt prøveprosjekt i perioden 2015 – 2018 har utvalde kvinner mellom 34 og 69 år som deltok i Livmorhalsprogrammet, fått tilbod om HPV – test. Resultata av korttidsendepunkt indikerer at HPV – screening fungerer i rutinebruk ved norske forhold. Frammøte er ikkje endra på grunn av ny screeningstest. Seks og ein halv prosent av kvinnene har fått beskjed om at dei er HPV positive og tilrådd tettare oppfølging hjå fastlegen eller vorte tilvist til gynekolog for kolposkopi og biopsi. Preliminære data indikerer at talet kvinner med alvorlege celleforandringar (CIN3+) er 50 % høgare i gruppa som har fått tilbod om HPV- test og såleis eitt større tal kvinner som har vorte behandla. Vi reknar med at dette vil resultera i ein reduksjon i talet alvorlege celleforandringar i neste screeningsrunde og vonar at vi på sikt for sjå ein bedre kreftførebyggjande effekt.

HPV – test til kvinner mellom 34 og 69 år i Sogn og Fjordane.

Frå 1.januar 2019 startar Sogn og Fjordane ei gradvis implementering av HPV – screening for kvinner mellom 34 – 69 år som er med i Livmorhalsprogrammet. I første omgang vil livmorhalsprøvar frå kvinner mellom 34 – 69 år og fødde på partalldatoar bli HPV- testa. Prøven vert framleis teken ved gynekologisk undersøking. Helse – og omsorgsdepartementet har bestemt at HPV- test skal erstatta cytologi som primer screeningsmetode for kvinner over 34 år i heile landet innan utgangen av 2021, men eksakt dato for kva tid alle kvinner mellom 34 og 69 år i Sogn og Fjordane vil bli HPV – testa er ennå ikkje bestemt. Kvinner mellom 25 og 33 år vert framleis tilrådd cytologi kvart tredje år.

Gradvis innføring.

Erfaringane frå eit pilotprosjekt i fire prøvefylke (Rogaland, Hordaland, Sør- og Nord-Trøndelag) visar at det er viktig med ei gradvis og randomisert innføring. Dette sikrar ei trygg implementering og best fordeling av ressursstrøng av patologi – og gynekologitenestene og bedre prøvefordeling ved overgang frå 3 til 5 år som tilrådd screeningsintervall.

Korleis informerer du kvinna om at ho er HPV – positiv.

Alle kvinner må få svar om prøveresultatet det gjeld både negative og positive HPV svar. Mange kvinner vert redde når dei får beskjed om at dei er HPV – positive. For å redusera unødig angst, er det viktig med god informasjon. HPV er svært vanleg og i dei fleste tilfelle blir viruset borte av seg sjølv. HPV – positive har likevel ein auka risiko for å utvikla alvorlege celleforandringar og må difor fyljast tettare opp. Ein animasjonsfilm og meir informasjon om HPV finns på Livmorhalsprogrammet si nettside, kreftregisteret.no/HPV

Ta e – læringskurs.

Legeforeningen har ilag med Kreftregisteret laga eit e-læringskurs som poengterer dei viktigaste punkta i samband med livmorhalskreftscreening.

E – læringskurset « Screening for livmorhalskreft»

<https://beta.legeforeningen.no/kurs/20172/8/32190/> gir poeng og bør takast av alle fastlegar og gynekologar for å sikre god kvalitet på prøvetaking og rett informasjon til kvinnene.

Sjå Livmorhalsprogrammet sine heimesider for utfyllande informasjon og oppdatert status for innføring av HPV - screening i Noreg, kreftregisteret.no/livmorhals

Kreftregisteret 05.11.18



Ameli Tropé, leder Livmorhalsprogrammet



Birgit Engesæter, prosjektleder HPV screening